

Månadsbrev mai 2021



Fleirtalet av elevane på mellomtrinnet ønskjer å utvida sykkelløypa, og skulen har vore i kontakt med Gunn-Rita Dahle Flesjå og Kenneth Flesjå for å få gode råd. Sjakkturneringa går sin gang i matfriminuttet fire dagar i veka der dei fleste er ferdig med ti av 15 kampar. 1.-4. og 6. klasse har lese seg verda rundt på Lesereisen 2021 og har storkost seg.

Mai er i gang med alle sine **fridagar**, dvs. Kristi himmelferd torsdag 13., fri fredag 14., nasjonaldagsfeiring måndag 17. og andre pinsedag måndag 24. mai. Månaden byrjar med **morgonsamling** 3. mai og at 7. klasse vonleg er på veg til Haraldvigen og **leirskule** 3.-7. mai. Mellomtrinnet er med på "**Hopp for hjertet**" dei to første vekene i mai, men 7. klasse tjuvstartar litt sidan dei er borte ei av vekene. 12. mai er det **Skolenes sangdag 2021**, og i år blir det digital konsert (sjølv sagt) med Oslo-Filharmonien. 100 000 elevar følgjer konserten frå Oslo konserthus, syng med og skapar desidert det største allsangkoret i landet. Alle elevane er med i **17. mai-kor** under nasjonaldagsfeiringa, og 19. mai blir det **innskriving** av neste års førsteklasingar, som er fire gutar. **SMU og SU** har sitt siste møte dette skuleåret 20. mai, medan rektor skal på **småskulenettverksmøte** 21. mai.



Vår er tid for **sykkel**, og det er mogleg å ta med sykkel på bussen, men om det blir for mange, har ikkje Ådnerambussen plass og Tonstadbusen klarer ikkje halda rutetida. Difor bed me av og til om hjelp frå foreldra om mange klassar skal ha sykkel med til undervisinga, og er glade for at de er positive og stiller opp med hjelp!

Det er spanande tider på **nybygget**, for der er malarane ferdige med å mala i 2. og har byrja arbeidet i 1. etasje. Elles er det mykje som skal avklarast med møblering og nyinnkjøp, sjølv om me nyttar mykje av møblane me allereie har. Me kastar ikkje berre for å kasta!

Det skjer litt **ugreie ting** innimellom på Sinnes, og nå har fleire av dei eldste elevane funne ei ope dør eller eit ope vindauge og tatt seg inn på skulen på kveldstid. Det kan vera me har gløymt å lukka og låsa, men som ein elev påpeika, er dette "innbrot" likevel. Heldigvis har ikkje noko blitt øydelagt, men elevane har vore i fleire rom både i brakkene og på skulen, og har leika seg med ein erte- og ein NonStop-pose og sett att på arbeidsplassen til ein lærar. I skrivande stund har mange av elevane meldt seg sjølv og fortalt kva dei har gjort, at dei angrar og har lært av dette. Det er flott, og mykje betre enn at rektor må ta saka opp med kvar enkelt. Det er kjekt at elevar i alle aldrar møtest på skulen og m.a. spelar dødball, så det må dei berre halda fram med!

HUGS **onsdagsskule** 12. og 26. mai for 1.-4. klasse!

Sinnes 01.05.21, Åse-Berit

